

Nynorsk

i skolane og i lærarutdanninga

4. seminar for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

Fredag 29. september 2017, kl. 10.00-15.00

Høgskolen i Innlandet, campus Hamar, auditorium 2

Program:

	(kaffi/te utanfor auditoriet)
10.00-10.05	Velkommen v/ Jens Haugan
10.05-10.25 + diskusjon	Jens Haugan (dosent i norsk, Høgskolen i Innlandet, leiar i Hamar dialekt- og mållag): <i>Nynorsk og verdiar</i>
10.35-10.55 + diskusjon	Tormod Stauri (høgskolelektor i norsk, Høgskolen i Innlandet): <i>Islendingesagaene og nye lesarar</i>
11.05-11.15	Pause
11.15-11.35 + diskusjon	Bjørn Sverre Kristensen (førstelektor i musikk, Høgskolen i Innlandet): <i>Verdien av nynorsk i folkemusikkforskninga. Eit døme frå feltarbeid og formidling</i>
11.45-12.05 + diskusjon	Synnøve Skjong (førstelektor i norsk, Høgskolen i Oslo og Akershus): <i>Yrkesprofesjonelle haldningar til nynorsk og nynorsk som sidemål i eit tiårsperspektiv</i>
12.15-12.45	Lunsjpause (enkel servering, påsmurd mat + kaffi/te utanfor auditoriet) – kantina er også open)
12.45-13.05 + diskusjon	Elin Heggelund Ljungquist (norsklærer, Vennersberg skole, Kongsvinger): <i>Nynorsk som verdi i eit fleirkulturelt miljø i barneskolen - krafta i å leike seg med språk</i>
13.15-13.35 + diskusjon	Siri Vifladdt (norsklærer, Valdres vidaregåande skule): <i>Med to målformer i klassen</i>
13.45-14.00	Pause (kaffi/te, noko søtt)
14.00-14.20 + diskusjon	Marit Wadsten (høgskolelektor, Nynorsksenteret): <i>Lesing og skrivning som GRF – og nynorsk</i>
14.30-14.50 + diskusjon	Aud Søyland (språkrettar, omsetjar, forfattar og ordlisteredaktør): <i>I kva grad handla den siste rettskrivingsreforma for nynorsk ikkje berre om grammatikk og ordformer, men også om verdival?</i>
15.00	Avslutting v/Jens Haugan

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj.

Arrangørar: Høgskolen i Innlandet og Hamar dialekt- og mållag

Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432

www.jenshaugan.com/nynorskseminaret

Nynorskseminaret – Forskingsdagane 2017

Nynorsk i skolane og i lærarutdanninga - verdjar

4. seminar for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

Fredag 29. september kl. 10-15, Høgskolen i Hedmark, campus Hamar, auditorium 2

Det er ei stor glede å kunne invitere til det fjerde nynorskseminaret på Hamar. At det no har blitt fire seminar på to år, viser at det finst eit behov for slike seminar. Nynorskseminaret har som mål å presentere både forskning og konkrete erfaringar frå praksisfeltet frå dei ulike skoleslaga og frå lærarutdanninga. Ein vil også få tips om litteratur og undervisningsopplegg. Seminaret rettar seg mot studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte. Så langt har det vore eitt seminar om våren og eitt om hausten. Mens vårseminaret er meir ope når det gjeld tema, er haustseminaret knytt til det aktuelle temaet til dei nasjonale forskingsdagane. Temaet for Forskingsdagane 2017 er «verdjar».

På nynorskseminaret 29. september 2017 vil dosent Jens Haugan frå Høgskolen i Innlandet snakke meir generelt om nynorsk og verdjar frå ulike perspektiv.

Tormod Stauri frå Høgskolen i Innlandet vil snakke om islendingesagaer og nye lesarar med utgangspunkt i eit nyare omsetjingsprosjekt. Dette føredraget kjem i staden for føredraget til Anders Aschim, som måtte melde avbod.

Bjørn Sverre Kristensen frå Høgskolen i Innlandet vil snakke om verdien av nynorsk i folkemusikkforskninga og gje døme frå feltarbeid og formidling. Feltarbeidet føregjekk hos felemakarane på Sandland i Kviteseid. Det kan hende at ein også får høyre éin feleslått eller to.

Synnøve Skjong frå Høgskolen i Oslo og Akershus vil snakke om yrkesprofesjonelle haldningar til nynorsk og nynorsk som sidemål i eit tiårsperspektiv. I 2005 var 43 % av lærarstudentane på HiO heilt eller delvis einige i at det skulle vere skriftleg sidemåloppføring i nynorsk i grunnskolen. Kva meiner lærarstudentane i dag? Ein vil få ei samanlikning mellom haldningar til nynorsk og nynorsk som sidemål hos allmennlærarstudentane i 2005 og grunnskolelærarstudentane i 2016 i Oslo.

Elin Heggelund Ljungquist frå Vennersberg skole i Kongsvinger vil snakke om nynorsk som verdi i eit fleirkulturelt miljø i barneskolen og vise krafta i å leike seg med språk. Fokuset i føredraget vil vere på verdjar: nynorsk som verdi i barneskolen som utgangspunkt for språksamalar, verdien av multimedia som støtte i nynorsk, verdien av høgtlesing av nynorsk for å kunne lese med samanheng og forståing, nynorsk som bruksspråk. Bruken av nynorsk skaper motivasjon, innsats, meistring og glede hos elevane.

Siri Vifladd frå Valdres vidaregåande skule vil snakke om korleis det er å vere lærar og ha to målformer i den same klassen. Kva utfordringar byr det på å ha elevar med ulike hovudmålformer i klassen, og korleis kan vi ta i var alle elevars rett til opplæring i og på begge målformene?

Marit Wadsten frå Nynorsksenteret vil snakke om nynorsk og lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheiter. Det blir vist at det går fint an å arbeide med dei grunnleggjande ferdigheitene på akkurat same måten som elles, berre at ein brukar nynorsk, både i tekstar som skal lesast og når tekstar skal skrivast. Dette blir eit veldig praksisnært føredrag med mange tips til undervisningsopplegg og eksempel frå klasserommet.

Aud Søyland var sekretær for nemnda som utarbeidde framlegg til ny nynorsk rettskriving og vil snakke om i kva grad den siste rettskrivingsreforma for nynorsk ikkje berre handla om grammatikk og ordformer, men også om verdival.

Det vil vere 10 minutt til open diskusjon og dialog etter kvart føredrag.

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj.

Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432